

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

I Fylkestinget 12.12.2017 under sak PS 105/17 blei det vedteke følgjande verbalforslag:

«Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lære plass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.»

Det er så langt ikkje etablert eit formelt nettverk, men som det går fram av løypemeldinga som vart levert våren 2018 har det vore gjennomført fleire møte med nøkkelaktørar der ein har drøfta korleis ein kan løyse rekrutteringsutfordringar til RM.

16.10.19 vart det invitert til møte under overskrifta «*Korleis skal matfylket Vestland skinne om 5 år?*» I salen var det representantar frå skule, arbeidsliv og bransjane. Målet var å undersøke korleis ein kan oppnå ein meir koordinert rekrutteringsinnsats og formalisere av samarbeidet mellom ulike nøkkelaktørar.

I møtet vart det peikt på følgjande:

- Det er stort behov for å samle ressursane og få til eit felles løft og ei meir synleg felles retning.
- Det bør etablerast eit nytt forprosjekt for kartlegging og analyse av situasjonen i Vestland med mål om og arbeide fram ein prosjektplan for eit hovudprosjekt som innan 2025 skal auke rekrutteringa til RM.
- Fylkeskommunen bør ta ei sterkare koordinerande rolle med støtte frå bransjane, skular og arbeidsliv.

Det blir gjort mykje godt arbeid av ulike aktørar på ulike område som kvar for seg har som mål å auke rekrutteringa til RM. I etterkant av møtet 16.10.20 har arbeidet med etablering av eit forprosjekt stogga opp i prosessen med fylkessamanslåinga.

Ei eventuell vidareføring av satsinga må ha ei brei forankring i Vestland fylkeskommune og byggje på erfaringar frå begge dei tidlegare fylka. Arbeidet må koplant opp mot andre nasjonale satsingar for å auka rekruttering til RM, og det må takast stilling til kva rolle fylkeskommunen skal ta i eit eventuelt nettverkssamarbeid.»